

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 39/2011**

av 1. april 2011

om endring av vedlegg XVII til EØS-avtala (Opphavsrett)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 146/2009 av 4. desember 2009⁽¹⁾.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/24/EF av 23. april 2009 om rettsleg vern av datamaskinprogram (konsolidert utgåve)⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Direktiv 2009/24/EF opphevar rådsdirektiv 91/250/EØF⁽³⁾ som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XVII til avtala skal nr. 5 (rådsdirektiv 91/250/EØF) lyde:

"**32009 L 0024**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/24/EF av 23. april 2009 om rettsleg vern av datamaskinprogram (konsolidert utgåve) (TEU L 111 av 5.5.2009, s. 16)."

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2009/24/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 62 av 11.3.2010, s. 43, og EØS-tillegget til TEU nr. 12 av 11.3.2010, s. 42.

⁽²⁾ TEU L 111 av 5.5.2009, s. 16.

⁽³⁾ TEU L 122 av 17.5.1991, s. 42.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. april 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 1. april 2011.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Fungerande formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.